



Gunn Mari Moberg er ein kreativ marknadsførar for bygda - her i Martabu

**Som venta vart planane både for Øvre og Nedre Halsabrotet klubba igjennom utan innvendingar og debatt i siste møte i kommunestyret. Det var berre Gunn Mari Moberg (H) som hadde ordet men ho kom med det Grenda karakteriserar som dagens mest heilhjarta innlegg. Ho marknadsførte bygda slik:**

**- Sjå til Uskedalen, der har vi pågangsmot og folk som orkar å ta igang med store arbeid som å byggja bustadfelt.**

**Uskedalen er i god utvikling, og der dyrkar vi det positive.**

**Vi har ein god skule og ein god barnehage, vi har Festidalen og 'Hopp i havet'.**

**Så no må dåke gripa sjansen - har dåke ikkje hus, har vi tomter i Uskedalen.**

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen